

# BLYTTIA

NORSK BOTANISK FORENINGS TIDSSKRIFT



1960

NR. 3

---

UNIVERSITETSFORLAGET  
OSLO



## Nye plantefunn 1958—1959

NEW PLANT FINDS IN NORWAY DURING THE YEARS  
1958—1959

Av  
JOHANNES LID

Dette stykket, det femte av dette slaget i tida 1950—1960, melder om plantefunn i dei to siste år, og dertil om nokre eldre funn som ikkje er meldt før. Dei er frå ymse kantar av landet, men mange av dei er frå Telemark. Det er meldt om nytt for 152 plantar, nokre av dei har fått ny nord-, sør- eller vestgrense. Nye antropokorar er: Gullbusk (*Forsythia fortunei*), \* piemontmaure (*Galium pedemontanum*), \* dauvmaure (*Galium spurium*), sommarstokkrose (*Malope trifida*), \* japanpestrot (*Petasites japonica*) og \* tårnspegel (*Specularia perfoliata*). Den første er frå Kina, den andre, tredje og fjerde er europeiske, den femte frå Japan og den sjette frå Amerika. Det er òg ein ny varietet av busthirse (*Setaria italica* var. *brevisetata*) og ein ny karsehybrid (*Rorippa austriaca* × *silvestris*). Nylaga norske plantenavn er merkte med ei stjerne \*. Eg skuldar takk til Nansenfondet for økonomisk støtte til dei botaniske granskingane i Telemark. Like eins takkar eg dei som har meldt om plantefunn og sendt plantar til Botanisk Museum i Oslo. Mine egne funn er signerte J. L.

I dei fem stykka Nye plantefunn i Blyttia 1950—1960 er i alt nemnt om 311 slekter og 620 einskildplantar, derav 70 antropokorar nye for Norge. Til praktisk bruk er det her til slutt sett opp ein alfabetisk indeks over dei 311 slektene og med tilvising til side-talet i dei einskildte stykka.

*Aconitum septentrionale* Koelle. Tyrilhjelm. Ulvik: Skeidslia under Kvasshovd (600 m) 10. aug. 1959 J. L.

*Aegopodium podagraria* L. Skvallerkål. Seljord: Seljordbyen ved vegskiftet til sørsida av Seljordsvatnet 8. aug. 1958 J. L.

*Agrimonia odorata* Mill. Kyståkermåne. Seljord: Heggjenes ved Seljordsvatnet 29. juli 1958 J. L.

*Alchemilla glaucescens* Wallr. Fløyelsmarikåpe. Bø i Telemark: Det nedlagde plassen Åsen ved Tostveittjønna på Breidsåsen (355 m) 22. juli 1959 J. L.